

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 08.07.2015  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 01.07.2015

Idar Tarberg  
leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 59/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 60/15	Protokoll frå førre møte.
PS 61/15	Delegerte saker
PS 62/15	Trafikktryggingstiltak i yste Sævikane
PS 63/15	Rita Sævik - 22/76 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Espeset, gnr 22, bnr 2 m fl. vedr utnyttingsgrad og husplassering i forhold til rehgulerte byggelinjer
PS 64/15	Antonia de Haan Straume og Kjell Roger Straume - 11/105 - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og PBL § 1-8.
PS 65/15	Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - Søknad om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplan LNF og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona PBL §1-8, vedr gjenoppbygging av bygninga og kair etter brann
PS 66/15	Hugo Leine - 36/84 - søknad om dispensasjon frå regulert byggelinje i RP Vike-Toftedal
PS 67/15	Nirosa Shanmuganathan 45/157 - Løyve til oppføring av bustad - Dispensasjon frå reguleringsføresegnene for oppføring av bustad i tre etasjer og frittliggande garasje Delegerte saker frå avdelingane
DS 208/15	Gnr 83 Bnr 4 Herøy kommune - Deling av grunneigedom
DS 209/15	Vidar Nerland - 4/333 - Einebustad
DS 210/15	Anita Nevstad og Bjarne Hildre - 45/155 - Igangsettingsløyve
DS 211/15	Herøy kommune - 45/47 - Midlertidig garasje
DS 212/15	Daniel Rødseth - 4/27 - Tilbygg/garasje
DS 213/15	Gnr 37 Bnr 165, 166 og 506 - Deling av grunneigedom

- DS 214/15 Gnr 5 Bnr 16 - Frådeling grunneigedom til bustadføremål
- DS 215/15 Ferdigattest lagerrom - 34/360
- DS 216/15 Cecilie Skotnes og Arne Fagerbakke 81/13 - Igangsetjingsløyve for tiltaket
- DS 217/15 Rogne AS 26/0 - Løyve til oppføring av ny kai
- DS 218/15 Larsen Invest AS 37/358 - Ferdigattest for tilbygg
- DS 219/15 Larsen Invest AS 37/358 - Ferdigattest for bruksendring av lokale
- DS 220/15 Runar Larsen 37/3 - Ferdigattest for tilbygg
- DS 221/15 Gnr 29 Bnr 12 - Frådeling av fire bustadtomter
- DS 222/15 Gnr 37 Bnr 257 - Deling grunneigedom til offentlig formål
- DS 223/15 Andor Leine 34/391 - Løyve til oppføring av vinterhage/terrasse
- DS 224/15 Åge Karlsen - 40/78 - Fritidsbustad og naust
- DS 225/15 Beate og Jonny sævik Leikanger - 26/233 - Einebustad og garasje
- DS 226/15 Aktiv Trening HUH as - 29/321 - Nytt gulv 2 etg Sunnmørsbadet
- DS 227/15 Sverre Myrvåg - 46/20 og 21 - Tilbygg hagetove
- DS 228/15 Gnr 37 Bnr 119 og 139 - Deling av grunneigedom til offentlig formål
- DS 229/15 Gnr 23 Bnr21 -Deling av grunneigedom til industriformål
- DS 230/15 Gnr 60 bnr 19 - Frådeling av grunn til uendra bruk
- DS 231/15 Gnr 7 Bnr 3 - Frådeling av mindre tilleggsparsell til bnr 19
- DS 232/15 Villa Smolt AS 60/349 - Igangsetjingsløyve
- DS 233/15 Ferdigattest - 60/45 og 376

Prenta skriv til orientering/drøfting:



PS 59/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 60/15 Protokoll frå førre møte.

PS 61/15 Delegerte saker



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/12
		Arkiv:	Q80

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/15	Maritim og teknisk komite	08.07.2015

### TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK I YSTE SÆVIKANE

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Maritim og teknisk komite løyver **kr 125.000,-** av midlar avsett i budsjett til trafikktrygging, for tiltak som skal betre trafikktrygginga i yste Sævikane. Avsette midlar skal dekkje tiltak det vert søkt om i søknad, datert 02.01.2015.
2. Maritim og teknisk komite ber rådmannen følgje opp med iverksetjing av vedtaket og innhente naudsynt løyve frå Statens Vegvesen til oppføring av skilt m.m.

Særutskrift:

Anleggs- og driftsavdelinga  
Utviklingsavdelinga  
Økonomiavdelinga (ber om at det vert oppretta prosjektnummer)

## Vedlegg:

01 – Søknad om iverksetjing av trafikktryggingstiltak, datert 02.01.2015

02 - Kartutsnitt som viser tiltaka

03 - Uttale frå Statens Vegvesen

04 - Oversiktskart med lokalisering av tiltaka

## Saksopplysningar:

Foreldre i yste Sævikane søkjer om iverksetjing av trafikktryggingstiltak med bakgrunn i vedtatt kommunedelplan for Trafikktrygging 2015-18. I gjeldande budsjett er det avsett kr 3.000.000,- til trafikktrygging i Herøy kommune.

I søknaden blir det vist til at det i området bur born som nyttar og kjem til å bruke busslomma utanfor tunnelen på veg til/ frå skule. Borna i området kryssar fylkesvegen tett inn mot tunnelopninga i Sævikane, der fartsgrensa er 80 km/t, utan lys og skilting.

### Tiltaka det blir søkt om er følgjande:

1. Veglys, bruk av to eksisterande stolpar og oppføring av to nye stolpar med lys.
2. Skilting som viser at barn kryssar vegen.
3. Avlastningsgjerde som tvingar born til å krysse vegen på ein tryggare stad.

## Vurdering og konklusjon:

I desember 2014 kom tiltaket med i gjeldande kommunedelplan for trafikktrygging. Trafikktryggingstiltaket har vore sendt til Anleggs- og driftsavdelinga for uttale, og til Statens Vegvesen Region Midt for uttale.

Kostnadene (eks. mva) med tiltaka estimerer ein slik:

- |  |                            |
|--|----------------------------|
| • Lys (2 nye + 2 stk. armaturer på eksisterande stolpar) ..... | kr 80.000,-                |
| • Etablering av skilting mv. ....                              | « 20.000,-                 |
| • Avlastningsgjerde (ca 50 m) .....                            | « 25.000,-                 |
| <b>Sum</b>   | <b><u>kr 125.000,-</u></b> |

Med omsyn til ønsket om skilting, vil det vere Statens vegvesen som vil sette krav til kva skilttype ev. skiltkombinasjon som vil kunne nyttast. Det same gjeld m.o.t. plassering.

Med bakgrunn i ovannemnde rår Maritim og teknisk komite til å imøtekomme søknaden og gjennomføring av tiltak i tråd med vedtatt kommunedelplan. Det er ein føresetnad at kommunen følgjer opp tiltak i høve iverksetjing, og rådmannen ser det som naturleg at administrasjonen opprettar eit prosjektnummer for dette tiltaket.

Rådmannen vil avslutningsvis understreke at ein er lei for at saka har teke så lang tid å handsame. Ein viser til at kommunen, med avgrensa ressursar og redusert kapasitet i avdelingane, har blitt nøydd til å prioritere andre saksområder enn oppfølging av trafikktryggingarbeidet.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Vil krevje administrative ressursar til oppfølging og gjennomføre tiltaket.

Konsekvensar for økonomi:

**Vil belaste avsette midlar i budsjett til trafikktrygging.**

Fosnavåg, 11.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann


Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



Foreldre i ytste Sævikane  
v/Stig Arne Sævik  
6094 Leinøy  
tlf 97702007

Herøy kommune  
6090 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2015/12	Saksbeh. ART
- 5 JAN. 2015 Sævik, 02. januar 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

## Søknad om iverksetjing trafikktryggingstiltak

Viser til søknad frå mai 2010 om trafikktryggingstiltak i ytste Sævikane og vedteken trafikktryggingssplan for Herøy kommune frå desember 2014, og søker med dette om igangsetjing av trafikktryggingstiltak i Sævikane.

Kort repetisjon av bakgrunn for tiltaket: Sytten barn frå null år og til og med vidaregåande skule bur i ytste Sævikane og bruker/kjem til å bruke busslomma like utanfor tunnelen på veg heim frå skule. Barna går kortaste vegen heim, og kryssar fylkesvegen berre nokre titals meter utanfor tunnelopninga. Der er sving og 80-sone, utan lys og utan skilting.


Utbetring av dette farlege punktet kom i desember med i trafikktryggingssplanen for Herøy kommune, og vi søker no om iverksetjing av trafikktryggingstiltak.

Tiltaka er enkle og billige, kan løysast raskt og vil ha stor effekt.

1. Lys. Ein stolpe på nedsida av vegen står alt oppe, men er ikkje kopla med lys. Vi veit at det skal gjerast arbeid i område seinvinteren 2015, og det vil vere kostnadseffektivt å få ordna dette samtidig. Vi har teikna inn fire lyspunkt. To av dei er eksisterande stolpar. Dermed er det berre to nye som må til.
2. Skilting slik at bilistane veit der er skulebarn som kryssar vegen
3. Avlastingsgjerde som tvingar barna til å krysse vegen på ein tryggare stad enn der dei går no. Forslaget om avlastningsgjerde som sikrande tiltak er tidlegare foreslått munnleg av Elisabeth Mansfield i Statens vegvesen.

Vi ber om rask handsaming av søknad og iverksetjing så snart som råd. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

Trine-Mette og Oddbjørn Sævik  
Torill og Kjetil Myren  
Ingunn og Njål Sævik  
Liss-Mari Sævik  
Lena og Stig-Arne Sævik  
Rannveig og Arve Myklebust  
Heidi og Robert Myklebust



Hei Aleksander,

Viser til søknaden om trafikksikkerhetsmidler sendt til oss 7. januar.

Invitasjonsbrev til å søke om midler for 2015 ble sendt til alle kommunene i Møre og Romsdal i juli 2014, og søknadsfristen gikk ut 26. september. Årets midler ble fordelt rett før jul, etter vedtak i Samferdselsutvalget.

Forutsatt at Møre og Romsdal fylkeskommune viderefører ordningen, vil Statens vegvesen sende invitasjoner om å søke om midler for 2016 i løpet av kommende sommer.

Som en uttale til vedlagt søknad kan vi si at prinsippet for tiltaket som er beskrevet er godt. Vi ønsker derimot at tiltaket detaljeres nærmere med tanke på planer og beskrivelse dersom kommunen ønsker å søke om midler for 2016. Det må også ligge ved et kostnadsoverslag. Legger ved fjorårets invitasjonsbrev og prosjektskjema som gir en nærmere beskrivelse av vilkårene for en søknad.

Med hilsen  
John Olav Eide Seljeseth

**Seksjon:** Plan- og trafikkseksjonen Møre og Romsdal  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE  
**Besøksadresse:** Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6, MOLDE  
**Telefon:** +47 71274770 **Mobil:** +47 97157011 **e-post/Lync:** [john.seljeseth@vegvesen.no](mailto:john.seljeseth@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-midt@vegvesen.no](mailto:firmapost-midt@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

---

**Fra:** Aleksander Zahl Tarberg [<mailto:aleksander.zahl.tarberg@heroy.kommune.no>]

**Sendt:** 7. januar 2015 15:08

**Til:** Mansfield Elisabeth; [maria.bolstad.dale@mrfylke.no](mailto:maria.bolstad.dale@mrfylke.no)

**Kopi:** Jan Martin Møller

**Emne:** Søknad om trafikktryggingstiltak - 50/50-ordning - Ber om uttale til søknad frå Statens Vegvesen

Vedlagt ligg søknad om trafikktryggingstiltak på fylkesvegnettet i Herøy kommune.

Tiltaket blir vurdert som eit 50/50-tiltak, der kommunen og Statens Vegvesen deler på kostnadane ved etablering med bakgrunn i nyleg vedtatt trafikktryggingsplan.

Ein ber om uttale til søknaden frå Statens Vegvesen. Frist for uttale blir sett til: **05.02.2015**


Helsing

**ALEKSANDER ZAHL TARBERG**

Planleggar


70 08 13 68

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



1:7500

11.06.2015



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

	kommuneflate
<i>Kyst</i>	
	Havflate
	Kystkontur
	Skjær
<i>Innsjøer og vassdrag</i>	
	Innsjø
	Innsjøkant
	Elv/Bekk
	Kanal/Grøft
<i>Vegsituasjon</i>	
	Veg
	Annet vegareal
	Avgrensning mot annet vegareal
	Avgrensning mot avkjørsel
	Gang/Sykkelveg
	Parkeringsplass kant
	Autovern
	Vegdekkekant i tunnell
	Vegdekkekant
	Gang/Sykkelveg kant
<i>Annen samferdsel</i>	
	Traktor/Kjerreveg kant

<i>Bygningsmessige anlegg</i>	
	Annet gjerde
	Grunnriss/Hjelpelinje
	Flaggstang
	Flytebrygge
	Flytebrygge kant
	Frittstående trapp
	Frittstående trapp kant
	Kai/Brygge
	Kai/Brygge kant
	Frittstående mur
	Lodrett forstøtningsmur
	Slipp/Krangang
	Steingjerde
<i>Vegsituasjon</i>	
	Stikkrenne
<i>Annen naturinformasjon</i>	
	Hekk
	Stein omriss
<i>Kulturminner</i>	
	Kulturminne R
	Kulturminnegrense
<i>Høydeinformasjon</i>	
	Høydekurve 5m
	Høydekurve 1m
	Forsenkningkurve 5m
	Forsenkningkurve 1m
	Toppunkt

<i>Bygninger</i>	
	Bygningsdelelinje
	Grunnmur
	Taksprang Bunn
	Bygning - Boligbygg
	Bygning - Andre bygg
	Annen bygning
	Takoverbygg
	Takoverbygg kant
	Trapp inntil bygg. kant
	Veranda
	Bygningslinje
	Taksprang
	Mønelinje
	Låvebru
<i>Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)</i>	
	Godkj. Nybygg
	Godkj. Tilbygg
	Omriss Tiltak
	Godkj. Nyb./Tilb./Påb.
<i>DEK Kvalitet</i>	
	Gårds- og bruksnummer
	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
<i>Adresser</i>	
	Adressepunkt tekst



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2015/285
		Arkiv:	22/76

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
63/15	Maritim og teknisk komite	08.07.2015

### **RITA SÆVIK - 22/76 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR ESPESET, GNR 22, BNR 2 M FL. VEDR UTNYTTINGSGRAD OG HUSPLASSERING I FORHOLD TIL REGULERTE BYGGELINJER**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå utnyttingsgrad, byggegrensar mot regulert trafikkareal, byggegrense mot teknisk areal i vest og mot friområde mot sjø i Reguleringsplan for Espeset, gnr 22, bnr 2 mfl. med sikte på oppføring av ein bustad med garasje på gnr 22, bnr 76.

#### **Dispensasjonen vert gitt med følgande vilkår:**

- A. Utnyttingsgrad for tiltaket skal vere maks 32,9 % - parkeringsarealet skal inngå i berekningsgrunnlaget, jf TEK10 kap 5.
- B. Minste avstand til trafikkareal i nord skal vere 0,8m
- C. Minste avstand til teknisk areal i vest skal vere 2,2m
- D. Minste avstand til friområde mot sjø skal vere 9,2m

Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltakshavar eig også nabotomta og slik sett er dispensasjonane ikkje av avgjerande karakter for tilstøtande eigedom. Det er fullt mogleg å plassere tiltaket som omsøkt utan at det går utover kvalitetane til området og føremålet i plan vert ikkje vesenleg tilsidesett.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Bucci Arkitektur & Design as, PB 21, 6067 Ulsteinvik  
Rita Sævik, Bølandet, 6095 Bølandet  
Herøy kommune – anlegg og driftsavdelinga, PB 274, 6099 Fosnavåg

## **Vedlegg:**

- 01 - Søknad om rammeløyve og dispensasjon
- 02 - Referat førehandskonferanse
- 03 - Uttale frå anlegg -og driftsavdelinga
- 04 - Reguleringsplan kart
- 05 - Situasjonsplan kart
- 06 – Teikningar

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn:**

Bucci Arkitektur & Design as søker på vegne av Rita Sævik rammeløyve for oppføring av ny einebustad på eigedomen gnr 22, bnr 76. I den forbindelse vert det søkt om dispensasjon frå :

1. Dispensasjon frå avstandskrav regulert med byggelinje mot trafikkareal, teknisk areal og friområde mot sjø.
2. Dispensasjon frå utnytingsgrad frå 30% til 32,9%.

### **Søknadsprosessen:**

Det er gjennomført førehandskonferanse der kommunen orienterte ansvarleg søker og tiltakshavar om status for tomta og løype for vidare prosess. Jf referat førehandskonferanse datert 06.03.2015.

Den 05.05.2015 kom det inn søknad om rammeløyve for oppføring av ny einebustad og søknad om dispensasjon frå utnytingsgrad samt regulerte byggelinjer i gjeldande plan – «reguleringsplan for Espeset, gnr 22, bnr 2 mfl» planid 201205.

18.05.2015 vart saka sendt på høring til berørte partar – i denne saka Anlegg og driftavdelinga (AD) som har vegmynde og ansvar for rør/avløp/kommunaltekniske anlegg.

Det ligg no føre uttale frå AD og saka er klar for handsaming i MTK.

### **Uttale frå anlegg og driftsavdelinga av 27.05.2015:**

AD peikar i sin uttale på at ved handsaming av reguleringsplanen vart det gjort rimeleg nøyve vurderingar av byggegrensar både mot veg og anna areal. Det som er vedtatt i reguleringsplanen er å sjå på som minimumsgrensar/avstandar. AD ser ingen tungtvegande grunn til å vurdere dette annleis no.

AD peikar også på at vegane i feltet er private og at det må søkast om utsleppsløyve før ein evt byggesøknad.



## Vurdering og konklusjon:

Det er søkt om å få føre opp ein einebustad med integrert garasje på gnr 22 bnr 76. Bygget er teikna i eit moderne formspråk. Tomta ligg innanfor ein ny godkjent reguleringsplan og er regulert til bustad.

Omsøkt bygg er slik rådmannen ser det ikkje til vesentleg ulempe for nokon av naboegedomane og bygget representerer eit formspråk som avspeglar dagens moderne byggeskikk. Tomta har gjennom reguleringsplanen ein del klare føringar i forhold til avstandar.

Ein auke i utnyttingsgrad frå 30% til 32,9% vil med bakgrunn i at tiltakshavar også eig nabotomta vere tilrådeleg. Eigedommen er godt utnytta med 32,9 %, men det går ikkje på bekostning av tomta sine kvalitetar, verken parkering eller uteopphaldsrom. Slik det vert presentert vurderer ein at ei utnytting på 32,9% vil vere tilrådleg og tilfredstillande med omsyn til grad av utnytting på eigedommen.

Ser ein på dispensasjonsspørsmålet mot regulert trafikkareal i nord frå 5,0m til 0,8 er det eit avvik på heile 4,2m. Vegane i feltet er private og tiltakshavar har gjennom søknaden teke på seg all risiko i samband med evt skade på huskropp forårsaka av td steinsprut ol ved vedlikehald av vegen. Vegen er slik rådmannen ser det ikkje veldig trafikkbelasta og ein ser difor ikkje at føremålet med planen vert vesentleg tilsidesett. Ei nærføring mot vegen i nord gir også mindre avvik mot arealet til friområdet mot sjøen.

Når det gjeld avstand til teknisk areal så er dette eit areal som er avsett i reguleringsplanen til dette føremålet. Trasen er innregulert med ei breidde på 3,0m. Byggegrensa ligg 4m frå trasen. Søkar opplyser om at alle aktuelle rørtraser er integrerte i samlevegen, vegen er også oppgradert til å tåle liten lastebil, dermed kan tøming av tank skje utan behovet for denne trasen. Det at omsøkt bygg kjem 2,2 m frå trasen vil heller ikkje vere til hinder for at den framleis kan nyttast som tenkt i reguleringsplanen. Sidan tiltakshavar også eig nabotomta kan det også vere aktuelt å gjennomføre ei reguleringsendring ( i privat regi) for å få den flytta mot vest og på den måten oppretthalde 4m kravet til trasen.

Avstand til friområde mot sjøen. Dette gjeld ein utkraga del av bygget. Kjellarveggen ligg godt innanfor den regulerte byggelinja. Ein vil såleis ikkje gjere fysiske inngrep utover regulert byggelinje. Utkraginga vil også ligge 3 m over planert terreng. Å dispensere denne vegen vil ikkje påverke kvalitetane til friområdet. Mellom sjøen og det no omsøkte huset ligg det område avsett til veg og areal for tank/teknisk anlegg.

Etter ei samla vurdering vil rådmannen rå til at det kan gjevast dispensasjon som omsøkt. Ein får realisert eit moderne bygg på ei tomt med innregulerte begrensningar. Det er små avvik frå planen og verken planen eller prosjektet vert råka negativt av å gi dispensasjon. Ein vurderer det til at tiltaket med sine

dispensasjonar ikkje tilsidesett føremålet i planen og det er overvekt av fordelar knytt til gitte dispensasjonar enn ulemper.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen vesentlege

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 15.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

01



## Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

### Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Hørøy i Møre og Romsdal	22	76	Espeset, 6095 BØLANDET

### Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
Rammetillatelse	Nytt bygg - Boligformål	X Bolig	111	bolig

### Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon	e-postadresse
privatperson	Rita Sævik	Bølandet, 6095 BØLANDET	90160715	rita@e-s.no

### Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse	Kontaktperson
BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS	994495585	Pb. 21, 6067 ULSTEINVIK	Iver-Olaf Grimstad

Telefon	Mobiltelefon	e-postadresse
70309630	41233955	post@bucci.no

### Varsling

Tiltaket krever nabovarsling

Det foreligger ingen merknader fra naboer eller gjenboere

### Følgebrev

Tomta ligg i nedre del av eit nyanlagt bustadfelt på Espeset, på Bølandet.

Ein nyleg godkjend reguleringsplan set rammene for utbygginga. Det er ingen stilart som dominerar i området og det er difor ingen særskilde føringar på uttrykksform.

Tomta fell hovudsakleg mot sjøen (sør), men også ein del mot aust, særleg i nedre del. Mot aust, nord og sør grensar tomta mot samleveg, denne er i aust også yste avgrensning på bustadfeltet og reguleringsplanen.

Tilgrensande landområde i aust er innmark (LNF-område) og det er langt til nærmaste nabohus.

Vi har valgt å la tilkomsten på tomta bestemme nivået på øvre etasje som inneheld alle primærfunksjonar samt anvendbart uteområde, og grave inn i terrenget ein sokkel med bi-funksjonar med tilgang til eit uteområde på eit lavare nivå. Slik vil vi kunne tilpasse oss terrenget og samstundes sikre nødvendig dagslys.

Stilarten vi har valgt er funksjonalistisk, form er styrt av funksjon, men former er sett saman i eit harmonisk samspel. Hovudideen er to «pinnar» lagt i kors delvis utkragande over ein natursteinssokkel. Glasparti er organiserte på bygningskroppen for å sikre nødvendig dagslysinfall i områder for varig opphald, i tillegg til å definere tydelegare elementa i komposisjonen.

Vi legg til grunn eit materialval som er tilpassa paletten i naturen, glas, stein, treverk, gras.

Vi meiner prosjektet ligg innanfor det ein kan ynskje seg i eit nyetablert bustadfelt sett frå alle partar si side, og imøteser ei positiv innstilling i handsaminga.

## Forhåndskonferanse

Forhåndskonferanse er avholdt

## Dispensasjonsøknad

### Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i:Arealplaner  
Begrunnelse for dispensasjon:

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tiltaket har garasje tilknytt huset i eit samlande byggverk og byggegrenselinjene ligg dermed til grunn for heile tiltaket. Det er i reguleringsplanen avsett ei 3,0m stripe til tekniske føringar i vest. Denne var tiltenkt både nedgravde rørføringar av ulikt slag i tillegg til at den skulle vere føringsveg for ein slam-slange frå renovasjonsbil ein gong i året i samband med tøming av tanken nedom bustadfeltet.

I samband med realisering av samlevegen er dei aktuelle rørtraseane integrert i denne heilt ned, i tillegg er vegen oppdimensjonert for liten lastebil og omtalte renovasjonsbil kan køyre heilt fram til kumen og snu på egna snuplass i staden for å tømme ved hjelp av ein 40-50m slange og 3-4 m høgdeforskjell. Ei vesentleg betre løysing for alle partar.

Behovet for den tekniske parsellen i vest fell etter vårt syn bort. Det er tiltakshavar som eig grunnen og vi meiner det er naturleg å få dette arealet tillagt tomtearealet på eit seinare tidspunkt. I denne samanheng vil vi argumentere for at avstandskrav og tomteutnytting vil måtte kunne sjåast i samanheng med denne realiteten. Så til sjølve dispensasjonen:

Dispensasjon frå avstandskrav regulert med byggegrenselinje

1. Minste avstand til trafikkareal i nord er 0,8m (byggegrense ligg 5,0m ifrå)

-Innkøyring er parallell med samlevegen

-Siktlinjer er godt tekne i vare

-Tiltakshavar påtek seg all risiko i samband med skade på huskropp forårsaka av steinsprut m.m. i samband med vedlikehald av samleveg

-Trafikkareal er i denne samanheng grøfta mellom tomta og sjølve vegen, den er spesielt kritisk når nivåskilnaden er stor, i denne samanheng er veg og tomt praktisk tala i same nivå

-Trafikkareal kan også i teorien konverterast til fortau, det ligg godt til rette for dette

2. Minste avstand til teknisk areal i vest er 2,2m (Byggegrense ligg 4,0m ifrå)

-Det er ingen funksjonelle grunnar til denne avstandsregelen så lenge traseen er open for ferdsel av alle slag. Brannseksjonering er normalt premissgjeveren, slik sett ville 1,0m ha vore dekkjande i forhold til bustadtomta i vest (eigd av tiltakshavar).

3. Minste avstand til friområde mot sjø i sør er 9,2 (byggjeregrense ligg 11,0m ifrå)

-Dette er ein utkraga del 3,0m over planert terreng 5,0m over eksisterande terreng

-Kjellarvegg ligg godt innanfor 11,0m grensa

-siktlinjer og ferdsel er ivaretatt

-formålet i sør er ikkje friområde men bratt trafikkareal lite egna til ferdsel

Dispensasjon frå Utnyttingsgrad på 30% BYA

1. 32,9% BYA

-Tiltakshavar eig både nabotomt i vest og den tekniske traseen i mellom. Opprinneleg var planen å få tomtene slått saman og realisert eit stort prosjekt på ei stor tomt. Dette har vist seg prinsipielt vanskeleg med omsyn til arealutnytting i strandsona. Vi ser difor no på det å realisere eit prosjekt av aktuell storleik på denne eine tomte, men då med utgangspunkt i nokre mindre dispensasjonar. Legg vi det tekniske arealet til tomtearealet vil utnyttingsgraden vere innanfor gjeldande maksimumskrav.

Denne tomte er spesielt hardt råka av grenselinjeavgrensningar som gjer utnyttinga vanskeleg sett i forhold til storleiken på tomte, det bør isolert sett medføre at ein opnar for dispensasjonar i byggesaker der ein ser at det konkrete prosjektet ligg innanfor intensjonen i planen.

Kort oppsummert vil vi be om at handsaminga tek omsyn til:

-utforminga av prosjektet

-tomta si plassering i enden av feltet og mellom trafikkareal

-byggegrenselinjene si urimelege avgrensing

-tiltakshavar sin eigarposisjon

-Omfanget av ulemper det måtte medføre for naboar/fellesskapet

## Arealdisponering

### Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Reguleringsplan	Espeset 22/2 -Plan id 201205
Reguleringsformål	
Bustader	
Beregningsregel angitt i gjeldende plan	Grad av utnytting iht. gjeldende plan
%BYA	30%

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom	1147,40 m <sup>2</sup>
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m <sup>2</sup>
= Beregnet tomteareal	1147,40 m <sup>2</sup>

## Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan	344,22 m <sup>2</sup>
Areal eksisterende bebyggelse	0,00 m <sup>2</sup>
- Areal som skal rives	0,00 m <sup>2</sup>
+ Areal ny bebyggelse	378,40 m <sup>2</sup>
+ Parkeringsareal	0,00 m <sup>2</sup>
= Sum areal	378,40 m <sup>2</sup>

## Grad av utnyttning

Beregnet grad av utnyttning	32,98
-----------------------------	-------

## Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket .

## Bygningsopplysninger

	m <sup>2</sup> BYA	m <sup>2</sup> BRA			Antall bruksenheter		
		Bolig	Annet	I alt	Bolig	Annet	I alt
Eksisterende	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Ny	378,40	513,50	0,00	513,50	1	0	1
Åpne arealer/Enheter som fjernes	11,30	44,30	0,00	44,30	0	0	0
Sum	367,10	469,20	0,00	469,20	1	0	1

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 2

## Krav til byggegrunn

### Flom

Byggverket skal IKKE plasseres i flomutsatt område

### Skred

Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

### Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

## Tilknytning til veg og ledningsnett

### Adkomst

Tiltaket gir ikke ny/endret atkomst.

Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er gitt.

### Vannforsyning

Tomta er tilknyttet privat vannverk

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Beskrivelse av annen privat vannforsyning: Herøy Vasslag

**Avløp** er ikke  
Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg  
Ikke relevant

**Overvann**  
Takkvann/overvann føres til avløpssystem

## Løfteinnretninger

### Løfteinnretninger

Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen  
Det planlegges IKKE en slik innretning

## Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Kvittering for nabovarsel	C	Gjenpart av nabovarsel	Ettersendes per post
Situasjonsplan	D	Sitplan 1:500	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	Kjellarplan 1:100	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	1. etasje, Hovudplan 1:100	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	Terrengsnitt 1:200	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	Snitt 1:100	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	Fasader nord og sør	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	Fasader vest og aust	Ettersendes per post
Organisasjonsplan	G	Bucci Org. plan	Ettersendes per post
Søknad om ansvarsrett	G	Ansvarsrett som Ansvarlig Søkar og for Arkitektur Prosjektering - Bucci Arkitektur & Design AS	Ettersendes per post
Uttalelse fra offentlig myndighet	I	Reguleringsføresegner	Ettersendes per post
Annet	Q	Fullmakt for søknadsarbeid - frå tiltakshavar	Ettersendes per post
Annet	Q	Kopi av forh. konferanse Dato 06.03.15	Ettersendes per post
Annet	Q	Perspektiv	Ettersendes per post

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Annet	Q	Boligspesifikasjon	Ettersendes per post
Annet	Q	Gjennomføringsplan	Ettersendes per post
Annet	Q	Opplysninger gitt i nabovarsel	Ettersendes per post

## Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

### Ansvarlig søker

Dato 05.05.15

Signatur Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

**Iver-Olaf Grimstad**


### Tiltakshaver

Dato 05.05.15

Signatur Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

**Iver-Olaf Grimstad**





Bucci Arkitektur & Design as

pb 21  
6067 ULSTEINVIK

Saksnr 2015/285	Arkiv 22/26	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV / EFLÅ	Dato 06.03.2015
--------------------	----------------	------------	----------------------------------	--------------------

## REFERAT FØREHANDSKONFERANSE - 22/76

Stad: Herøy rådhus

Tid: Fredag 06.03.2015

Til stades: Eivind Flåskjer, Herøy kommune byggesak

Georg Grimstad, søkar/arkitekt

Rita Sævik, tiltakshavar

Tiltakshavar vil bebygge eigedomen 22/76 med einebustad med integrert garasje. Tomta er regulert i reguleringsplan for Espeset, gnr 22 bnr 2 m fl. Område FS6 – einebustad.

Ønska einebustad vil bryte med regulert byggelinje. Tiltaket vil også få ei nærføring til areal avsett til kommunalteknisk anlegg/ AKA i reg planen. Huset vil, i følgje arkitekt ligge innanfor BYA maks 30%, som er grad av utnytting i område FS. Det er også klare retningslinjer i plan i forhold til gesimshøgd og mønehøgd jf RP §7 pkt 1 bokstav a.

### Konklusjon:

Det må søkast om dispensasjon frå reguleringsplan/føresegner med god grunngjeving knytt inn mot pbl §§ 19-1 og 19-2, vedr dei punkta tiltaket bryt med planen. Saka må sendast til uttale til berørte mynde, samt nabovarslast.

Når det ligg føre uttalar og eventuelle nabomerknader er kommenterte, vil det verte utarbeidd eit saksframlegg til politisk behandling i martim og teknisk komite.



Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar

Eivind Flåskjer  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

---



## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr  
2015/285

Arkivkode  
22/76

Dato  
27.05.2015

---

### **RITA SÆVIK - 22/76 - OPPFØRING AV NY EINEBUSTAD - SØKNAD OM DISPENSASJON**

Ein vil påpeike at det ved handsaming av reguleringsplanen vart gjort rimeleg nøye vurdering vedk. byggegrenser både til veg og andre areal.

For ein stor del er det i reguleringsplanen vedteke det som er å sjå på som minimumsgrenser/avstandar.

Ein kan ikkje sjå at det er tungtvegande grunnar for å vurdere dette annleis no.

#### **Veg- og anna infrastruktur i feltet er privat og ikkje offentleg:**


Det kan i søknaden om rammetillatelse sjå ut som om at tomta har adkomst frå kommunal veg og at det er gitt avkjørselstillatelse. Vegane i feltet er private og har tilknytning til fylkesveg.

Når det gjeld avløp, så må det søkjast om utsleppsløyve i forkant av ein evt. byggesøknad.

Utover ovanståande så har ikkje Anleggs- og driftsavdelinga nokon merknad til søknaden.

Med helsing  
*Fred Arnesen*  
Fred Arnesen





Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

05

# oversikt:

eiendomsgrensen  
bygge grense

Sammen drag av overflaten:  
g.nr./br.nr 22/76 eiendom areal 11,07,4m<sup>2</sup>  
% BYA areal 32,59%  
BRA areal inkl. åpne areal 513,5m<sup>2</sup>  
BRA areal åpne areal 44,3m<sup>2</sup>  
total BRA area minus åpne areal utgger 469,2m<sup>2</sup>

Rnr	Revusjonsnr	Dato
SV2241		

arkitektur & design as  
gamlereven 23, 6065 Utleiebyvik  
Mob 91537177 - georgebucci.no

## Sævik Rita - Ny bustad

Henry

### Situasjonsplan (A3H)

Dato	04/2014	Fagtype	Aufter	Arbeidst.	Opprettet
Skala	1:500	Kommune		Byggher	
Blom nr.		Tege. nr.			

0001 A\_00

GMVNE PROJEKT Sævik Rita - ny bustadfi Prosjektid 161111 Indeholder: Prosjekt



### Situasjonsplan


1 : 500

1

*Del av garasje kjem  
0,8 m frå regulerert  
trafikkkanal*

*Del av bolig  
2,285 m frå  
teknisk trase*

*Utkraga del av bolig  
9,2 m frå byggegrense*



oversikt:

eiendomsgransen  
bygge grense

Sammendrag av overflaten:  
 11,474m<sup>2</sup>  
 5,194m<sup>2</sup>  
 37,39m<sup>2</sup>  
 BRA areal inkl. åpne areal 913,8m<sup>2</sup>  
 BRA areal åpne areal 44,3m<sup>2</sup>  
 total BRA areal minus åpne areal utgjør 469,2m<sup>2</sup>

Rev	Revisjonsnr	Dato
	Arkitekt og design av	
	geolavengen 23, 5055 Ulsetrvik	
	mob 9131717 - geos@geos.no	
	<b>SYZZI</b>	

Sævik Rita -Ny bustad

Høy


Situasjonsplan (A3H)

Dato:	04/29/14	Figur:	Author	Format:	Checked
Skala:	1:500	Nummer:	01/08/14		
Side nr:		Tegn nr:		Rev:	
	0001		A_00		


G:\MINE PROSJEKTER\Sævik Rita -ny bustad\Projektklog  
REVIT model\Sævik Rita.rvt

Situasjonsplan

1 : 500




1 Nord  
1 : 100




2 Sør  
1 : 100

06


Rvk:	Planingsmynd.	Dato:		
13/24	arkitektur & design as gamleveggen 23, 6065 Dattestadvik Mob 91631717 - georg@bucci.no			
Sævik Rita - Ny bustad				
Heiry				
Fasader (A3H)				
Dato:	Tegnet:	Antall:	Skrevet:	Checker:
13/24	KOMMUNE	1	1:100	G. H. B. T.
Sak Nr.:	Tegh. Nr.:	0001		A_06
GJØRNE PROSJEKT/Sævik Rita - Ny bustad/6 Prosjekt/06				
HEIR arkitektbyrå				




1 Vest  
1 : 100



2 Øst  
1 : 100

Rno:	Revisjonsnr.:	Dato:	
SVZ44			
arkitektbureau & design as gamlevegna 23, 6065 Dialestvik Mob 91531717 - georg@uucci.no			
<b>Sævik Rita - Ny bustad</b>			
			
<b>Fasader (A3H)</b>			
Dato:	Tillegg:	Antall:	Check:
11/2014			
Mål:	Formater:	Formater:	Formater:
1 : 100			
Sik nr:	Tegn nr:	Rev:	
0001	A_07		
GAMLE PROSJEKTORNAK-RUC - Ny bustad 6 Prosjekt 65 Arkitektbureau & design as			

Kjeller  
8500



Bruksareal Kjeller = 217m2

Rnr:	Revisjonsstatus	Dato
	Arkitektbyrå & design AS Sævikveien 21 • 0665 Ulsteinvik Mob 91531717 • george@ucei.no	

# Sævik Rita - Ny bustad

Høyry


## Kjeller (A3V)



Drage	1171214	Autør	Kontor	Checker
Mål	1:100	Kommune	G 115/1v	
Sak nr.		Tegn. nr.		Rnr.

0001 A\_01



Bruksareal Etasje 1 = 296,5m <sup>2</sup>	
<b>arkitektur &amp; design as</b> gatavegen 23, 0665 Østleivnøk Mob 91591177 - georg@bucd.no	
<b>Sævik Rita - Ny bustad</b> Høy	
Etasje 1 (A3V)	
Dato:	11/27/14
Figur:	Arbøyt
Check:	Arbøyt
Skala:	1:100
Proj. nr.:	0001
Rev. nr.:	A_02
C:\ARBEIT\PROSJEKTER\Ny bustad\Prosjekt\0001_A_02	






Rev:	Revisjonsnr.:	Dato:	Dr. nr.:
arkitektúr & design ehf. gmlaevveginn 23, 6065 Ústretaveyik Mob. 91531717 - geozg@uhucci.no			
<b>Sævik Rita - Ny bustad</b>			
Herøy			
Snitt (A3H)			
Dato:	13.07.14	Figur nr.:	Altusj
Mål:	1:100	Skapningur:	U. 016.17
Skil nr.:		Teig. nr.:	REV
0001		A_04	
GJAFNE PRODUKTÍSÆVIK RITA - NY BUSTADSGRUPPUNO REVIJ MÓÐULSÆVIK HÁBÓTTI			

TOMTEGRENSE

TOMTEGRENSE



Rev:	Revisjonsstatus:	Dato:
	arkitekt & design as gmalvegsm 23, 6065 Dialestadvik Mob 91531717 - georg@bucci.no	
0001	Figur:	Antall:
	Terreng:	0
	Skala:	1:200
	Figur nr:	
	Rev:	
Sævik Rita - Ny bustad		
Heiøy		
Terrengsnitt 1 (A3H)		
0001	A_05	
GAMME PROSJEKT/Sævik Rita - Ny Bustad/05 Prosjekt/06		
HEIØY, mdp@sævik.no		



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/383
		Arkiv:	11/105

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
64/15	Maritim og teknisk komite	08.07.2015

**ANTONIA DE HAAN STRAUME OG KJELL ROGER STRAUME - 11/105 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8.**

### Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå tiltak i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL. §§ 19-2 og 1-8, med sikte på opparbeiding av vinkelvor/liten molo for vern av småbåtar på gnr. 11 bnr. 105 i Herøy.

Avslaget er grunngjeve med at ein bruk av det aktuelle området til omsøkt tiltak vil vere i strid med dei statlege planretningslinene for strandsona og at ein dispensasjon som omsøkt såleis vil tilsidesetje både omsyna til bestemmelsen det i tilfelle vert dispensert frå og omsyna til lova sitt formål.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Antonia de Haan og Kjell Roger Straume, Sandane 5, 6264 Tennfjord  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Herøy kommune anlegg- og driftsavelinga, PB 274, 6099 Fosnavåg

## **Vedlegg:**

- 01 - Søknad om dispensasjon
- 02 - Kart omsøkt tiltak/plassering
- 03 - Uttale Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- 04 - Uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum
- 05 - Uttale anlegg -og driftsavdelinga

## **Saksopplysningar:**

### Bakgrunn:

Antonia de Haan Straume og Kjell Roger Straume ønsker å etablere ein «vinkelvor»/båtplass for mindre fritidsbåtar knytt til sin eigedom gnr 11, bnr 105 i Herøy kommune. Tiltaket skal tene som trygg båtplass for fritidsbåt heile året, knytt til aktivitet som fiske og anna sjøliv, samt også som båtplass til Peter Straume og fam. som realiserer sin fritidsbustad på Sildeholmen.

### Søknadsprosessen:

Antonia de Haan Straume og Kjell Roger Straume har sendt inn søknad til Herøy kommune 30.04.2014.

Den saka har ikkje blitt sett til handsaming av ukjent grunn. Saka vart purra på av tiltakshavar 03.05.2015.

Utviklingsavdelinga har sendt saka på brei høring i forhold til dei regionale og lokale instansane som skal uttale seg inn mot dispensasjonsspørsmålet. Saka var utsendt 04.05.2015.

Høringsfristen er no ute og saka er klar for handsaming i MTK.

### **Uttale frå Bergen Sjøfartsmusem av 03.06.2015:**

Ingen vesentlege merknader til omsøkt tiltak, men minner om at tiltakshavaren har plikt til å melde frå dersom det vert gjort funn i området.

### **Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 02.06.2015:**

Rår ifrå omsøkte tiltak og vil vurdere å klage på eit positivt kommunalt vedtak.

### **Uttale frå Herøy Kommune anlegg-og driftsavdelinga av 05.06.2015:**

Ingen vesentlege merknader til saka.

## **Vurdering og konklusjon:**

Plan og bygningslova sin § 1-8 skal ivareta strandsona – 100 meters beltet. Det er i den gjeldande plan og bygningslova innskjerpa byggeforbod og det skal takast særleg omsyn til almenne interesser.

Om ein skal dispensere frå dette må omsynet til den bestemmelsen det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi ein dispensasjon vere klart større enn ulempene.

Eit viktig utgangspunkt i retningslinene er at utbygging bør samlokaliseras med område som er bebygde og at dette skal skje mest mogleg konsentrert. Spørsmål om utbygging skal som før vurderast i forhold til ålmenne interesser. Kommunen kan likevel, ut frå behovet for samfunnsutvikling, tillate bygging i 100-metersbeltet i område der storparten av tilgjengeleg byggeareal ligg innanfor dette beltet. Ut frå sistnemnde synsstad skal behov knytta til næringsutvikling og arbeidsplassar vektleggast. Brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsverksemd vil såleis vere tiltak som kan danne grunnlag for å gi løyve.

I denne saka vil ein etablere ein vinkelvor i strandsona mellom område som er avsett til naust/ kai føremål, både vest og aust. Det er difor viktig at ein ivaretek den gjenverande strandsona for ålmenta. Slik kommunen vurderer saka vil ein ved å gi løyve til omsøkte tiltak delvis privatisere området og legge beslag på gjenståande strandsoner i eit område tilknytt ein god del bustadar.

Tiltakshavar har i eige brev frå Statens Vegvesen fått godkjent gangtilkomst til det omsøkte tiltaket, jf brev datert 22.03.2012.

Etter ei totalvurdering og med basis i kommuneplan, der det er avsett område til slike føremål på begge sider av 11/105, og innkomne høyringsuttalar synest det rimeleg klart at ein dispensasjon som omsøkt vil tilsidesetje både omsyna til bestemmelsen det vert dispensert frå og omsyna til lova sitt formål. Det er såleis etter rådmannen si vurdering ikkje grunnlag for å tilrå dispensasjon

### Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

### Konsekvensar for beredskap:

Ingen

### Konsekvensar for drift:

Ingen

### Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 11.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Tennfjord, 30.04.2014

Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Rådhuset  
6090 Fosnavåg

**VEDK. SØKNAD OM ETABLERING AV VINKELVÓR/BÅTPLASS  
FOR FRITIDSBÅT, EIGEDOM 11/105 I HERØY**

Vi viser til Dykkar brev av 04.03.2014 (saksnr. 2014/383) der oppsummering av saka vert gjort, - med melding til oss om å svare innan 30.04.2014 dersom søknaden skal handsamast vidare...

Vedlagt følgjer då dei foreskrivne dokumenta, - og vi takkar Herøy kommune for den vidare oppfølginga/sakshandsaminga.

Mvh.

*Antonia de Haan Straume*  
Antonia de Haan Straume

*Kjell Roger Straume*  
Kjell Roger Straume

Vedlegg pr. e-post:

- Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og søknad om dispensasjon frå forbodet i 100-metersbeltet i strandsona
- Kvittering nabovarsel ( 5 rekommenderte sendingar )
- Opplysningar gjeve i nabovarsel m/ vedlagt kart og uttale frå Statens vegvesen av 22.03.2012

# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

- Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).  
 Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom: Savik 47

Gnr. 11

Bnr. 105

Festenr. \_\_\_\_\_

Kort omtale av tiltaket:

Antonia de Haan Straume og Kjell R. Straume søker Herøy kommune om å få realisere trygg båt plass ved å bygge ein vinkelvør inne langs land, slik at eit par fritidsbåtar kan ligge trygt heile året. (jf. vedlegg)

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

- \* Dispensasjon frå kommuneplanen.
- \* Dispensasjon frå forbodet i 100-metersbeltet i strandsona.

Grunngjeving:

Det er vesentleg for vår fritidsbustad (11-105) og våre fritidsbehov / interesser at sjøen og fisking kan nyttast til alle årstider. Vidare har dette også samanheng med tilgang til Sildholmen der Peter Straume m/ familie realiserer sin fritidsbustad.

Værling av nabozon/gjerbuasar \_\_\_\_\_

vedlegg nr.:

1 a, 1 b

Eventuelle teikningar, kart etc. \_\_\_\_\_

vedlegg nr.:

2

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter ....

vedlegg nr.:

3

Namn Antonia de Haan Straume  
og Kjell R. Straume

Adresse

Sandane 5

Postnr.

6264

Postadr.

TENNFIORD

Telefon

70213241

Mobiltf.


95709506


Dato:

30.04.2014


Antonia de Haan Straume  
signatur

Skriv ut





Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonkart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.





Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
2014/383	EPJA
- 8 JUNI 2015	
Ant. belegg:	
Ant. belegg:	
Utd.	Drøyt
Kassasjon	

## Herøy kommune

### Etablering av vinklevor / båt plass for fritidsbåt gnr11 bnr105 - Antonia de Haan Straume og Kjell Straume Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Kommuneplanen for Herøy vart godkjend hausten 2014, og det bør ligge tungtvegande grunnar føre dersom kommunen dispenserer frå ein så nyleg vedtatt plan.

#### Natur- og miljøverninteresser

Området der vinkelvoren er søkt bygt, ligg på ei strekning på vel 200 meter strandsone utan særlege inngrep. Både vest og aust for denne strekninga er lange deler av strandsona lagt ut til naust. Det er relativt store bustadområder i nærleiken, noko som tilseier at det vil vere mange som har glede av ei urørt og ikkje nedbygd strandsone i nærleiken. Presedensverknaden av eit positivt kommunalt vedtak vil raskt kunne «ete opp» gjenverande strandsone for ålmenta i området.

#### Konklusjon

Ut frå dette rår vi ifrå omsøkte tiltak, og vi vil vurdere å klage på eit positivt kommunalt vedtak.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

#### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Kystverket Midt-Norge	Serviceboks 2	6025	Ålesund
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

E)14/383

04

**Brit Berge**

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 3. juni 2015 11:05  
**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Jarl Martin Møller  
**Emne:** VS: Antonia de Haan Straume og Kjell Straume - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl §1-8 strandsonevernet vedr etablering av vinkelvor/båtplass for fritidsbåt

Helsing

**HERØY KOMMUNE**  
postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

HERØY KOMMUNE	
KOMMANNEN	
2014/383	Saksbeh. EFCLA
- 3 JUNI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.M.	Dok.no
Kassusjon	

**Fra:** Eirik Herdlevær Søyland [<mailto:Eirik.Soyland@bsj.uib.no>]

**Sendt:** 3. juni 2015 10:15

**Til:** 'Johnny Loen'

**Kopi:** 'post@mrfylke.no'; postmottak

**Emne:** Antonia de Haan Straume og Kjell Straume - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl §1-8 strandsonevernet vedr etablering av vinkelvor/båtplass for fritidsbåt

**Vedr. Antonia de Haan Straume og Kjell Straume - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl §1-8 strandsonevernet vedr etablering av vinkelvor/båtplass for fritidsbåt. Forholdet til marine kulturminne.**

Me viser til e-post motteke 12.05. 2015.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Remøy gbnr. 11-105 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum



Eirik Søyland  
Saksbehandlar/Marinarkeolog  
55 54 96 04  
[marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)  
[www.facebook.com/Sjofartsmuseum](http://www.facebook.com/Sjofartsmuseum)

**From:** Johnny Loen [<mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no>]  
**Sent:** Tuesday, May 12, 2015 1:28 PM  
**To:** [marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)  
**Subject:** Sak til behandling

Se vedlegg og kartutsknitt nedenfor:  
Remøya i Herøy kommune gbnr 11/105

Vi ber om svar innen 1 juni

Johnny Loen  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Plansamordnar  
71 25 82 88 / 416 31 775

## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr  
2014/383

Arkivkode  
11/105

Dato  
05.06.2015


---

**ANTONIA DE HAAN OG KJELL STRAUME - SØKNAD OM  
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL §  
1-8 STRANDSONEVERNET VEDK. ETABLERING AV  
VINKELVOR/BÅTPLASS FOR FRITIDSBÅT.**

Anlegg og driftsavdelinga har for sin del ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Jan Reidar Gjerde



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/1558
		Arkiv:	64/4

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
65/15	Maritim og teknisk komite	08.07.2015

**TORVHOLMEN, FLÅVÆR - KJARTAN SPIDSBERG - 64/4 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅL I KOMMUNEPLAN LNF OG FRÅ BYGGEFORBODET I 100-METERSBELTET I STRANDSONA PBL §1-8, VEDR GJENOPPBYGGING AV BYGNINGA OG KAI ETTER BRANN.**

### Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL §§ 19-2 og 1-8 vert gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel og frå strandsonevernet i 100-metersbeltet vedrørende gjenreising av bygningsmassane og ny kai på gnr 64, bnr 4 på Torvholmen, Flåver.

Dispensasjon er gitt med vilkår om at Fylkeskonservatoren får kome med uttale før ein godkjenner dei omsøkte bygga på holmen.

Ny kai på holmen kan det gjevast IG på så snart dispensasjon er gitt, jf søknad om igangsetting kaianlegg datert 22.06.2015.

Dispensasjonen er grunngitt med at tiltaket skal gjenreisast i tilnærma lik form og volum som tidlegare. Tiltaket vil verte modernisert og tilpassa ny PBL og TEK10. Dette vil medføre ein betre, tryggare og meir tilgjengeleg stad for publikum. Dei omsøkte tiltak er ei gjenreising og vil ikkje tilsidesette dei føremål som planen skal ivareta – det er i tillegg klar overvekt av positive sider ved tiltaket – det vert betre tilpassa bruk for alle og bygga vert tryggare gjennom forbetra byggekvalitet.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Sporstøl Arkitekter as, pb 301, 6067 Ulsteinvik  
Torvholmen as, Storgata 86, 2615 Lillehammer  
Flåvær Sameige v/Ann Heidi Leine, Hovestølen 68, 5303 Follese

## **Vedlegg:**

- 01 - Søknad om dispensasjon
- 02 – Rammeløyvesøknad
- 03 - Referat førehandskonferanse
- 04 - Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- 05 - Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- 06 - Merknad frå naboane
- 07 - Situasjonsplan/skisse
- 08 - Foreløpige teikningar av bygga
- 09 - Ny kai
- 10 - IG søknad ny kai

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn:**

Det vert søkt om gjenreising av bygningane og ny kai etter brannen som førte til at all bygningsmasse vart totalskadd på Torvholmen. Det har vore gjennomført førehandskonferanse inn mot saka, der det vart stadfesta at ein må gå den formelle vegen via ny dispensasjon frå dei nødvendige føremåla i kommuneplan og strandsonevern.

### **Søknadsprosessen:**

Sporstøl Arkitekter as søkte på vegne av tiltakshavar Kjartan Spidsberg om rammeløyve og nødvendige dispensasjonar for oppføring av ny bygningsmasse inkludert kai på Torvholmen, Flåvær den 29.04.2015.

Søknaden vart sendt på brei høring ut til dei aktuelle høringspartane den 06.05.2015.

Svarfrist er no ute og det ligg føre uttale frå følgjande høringsinstansar i saka:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune

### **Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 08.06.2015:**

Uttalen går i all hovudsak på samfunnstryggleik. Området ein vil bygge opp att og ønsker dispensasjon frå ligg nær sjø og kan vere utsett for havstigningsnivå/ stormflo. Området det vert søkt dispensasjon frå må tilfredstille tryggleikskrava i TEK10 og bygg vert tilrådd, med bakgrunn i Herøy sin eigen ROS-analyse i samband med ny kommuneplan, å plasserast til NGO kote 3.

Ein bør også gjennomføre ein eigen risiko og sårbarheitsvurdering for å avklare om tiltaket kan medføre andre tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar.

### **Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 05.06.2015:**

Ønsker oppattbygging i same volum og hovudform. Dette må følgast opp vidare i byggesak og fylket vil ha betre teikningar til uttale før rammeløyve kan gjevast. Ein auke med 1 meter på gesimshøgde vil gjere ein vesentleg utslag på bygningane sin karakter. Positiv til å gi dispensasjon, men Fylkeskonservatoren vil aktivt inn i prosessen med utforming av bygga.

Søknad er nabovarsla og det ligg føre ein merknad til saka:

### **Merknad frå Flåvær Sameige, gnr 64, bnr 1 av 03.05.2015:**

Kjem med merknad inn mot kapasiteten på vasstilførselen. Viktig at ein gjennom ny oppbygging sikrar nok vatn til alle gnr/bnr på øya. Vidare peikar dei på at Flåvær sameige leiger bort sin innmark til beitedyr, så her må det ikkje tilretteleggast for friluftsliv. Ellers er Flåvær sameige positive til søknaden og ønsker lykke til.

### **Vurdering:**

Arealet på Torvholmen er i kommuneplanen avsett til LNF-formål og det ligg innafor strandsonenevernet i pbl §1-8. Eit tiltak med sikte på å gjenreise/gjenskape tidlegare bygningsmasse, må altså starte med ein søknad om dispensasjon frå så vel arealformålet i kommuneplanen som frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona. Ein slik dispensasjonssøknad ligg no føre og den er godt grunngjeven og gjennom skisser og bilder illustrert så godt som mogleg planlagde fasader, bygningsvolum, kaianlegg m.v.

Saka er sendt på brei høring og det ligg føre uttalar inn mot saka.

I dette tilfellet er det tale om gjenreising av bygg – området var før brannen også bebyggt og såleis dreier dette seg om å få til eit så likt som mogleg miljø på Torvholmen.

Med tilvisning til uttalen frå FM så legg ein stor vekt på at dei nye bygga skal plasserast, dimensjonerast og sikrast mot stormflo. Ein har spesielt sett på forholdet til havstigningsnivå. Kommunen har inn mot dette nytta både TEK10 og DSB sine rapportar om havstigningsnivået i norske kommunar. Ein har sett som vilkår at nye bygg vert plassert på kote 3 moh, jf Herøy sin ROS-analyse utarbeidd i samband med kommuneplanen sin arealdel. I den samanheng vert det konkludert med at det ikkje er knytta nokon uakseptabel risiko til tiltaket. Området kan verte vurdert som sårbart for ekstremver/stormflo, men dette er ivare tatt gjennom at bygga vert plasserte på minimumskote.

Bygging av ny kai vil heller ikkje medføre noko omfattande terrenginngrep. Tiltaket har vore sendt til uttale til AD som er den lokale hamnemyndigheita. Dei har ingen merknader knytt til tiltaket. Administrasjonen ser det slik at verken omsynet til

farleida og tilflottmoglegheitene vert råka i negativ retning som følgje av omsøkt tiltak.

Når det gjeld i kva grad terrenginngrepa vil påverke andre forhold vert det konkludert med at det utifrå tilgjengelege kartbasar ikkje er registrert noko særlege miljøverdiar i området utover kulturlandskapet og strandsonemiljøverdien i seg sjølv. Med bakgrunn i at ingen særlege miljøverdiar er registrert i området kan ein konkludere med at tiltaket ikkje vil resultere i noko uforsvarleg belastning og/eller innebere nokon irreversibel skade på økosystemet i området, jf naturmangfaldlova §§8-10. Ny kai vil også kunne bidra inn mot betra tilgjenge for alle grupper.

Det ligg allereie føre eigen søknad om igangsetting kaiarbeider, innregistrert 22.06.2015, jf vedlegg 10. Søknad er komplett med ansvarsrettar og administrasjonen er av den oppfatning at ein i etterkant av gitt dispensasjon i MTK kan gi løyve til oppstart for desse arbeida. Dette er viktig del av prosjektet og det er naudsynt å kome i gang så tidleg som råd, slik at ein er budd til den vidare gjenoppbygginga på holmen. Ny og god kai vil bidra til at ein lettare kan frakte material og personell ut til byggeplassen.

Det er no i første omgang ein formell dispensasjon som vert gitt. Det er viktig at ansvarleg søkar tek med seg dei signala som har kome fram i denne saka vidare inn i byggesaka og følg opp dette tett – saman med tiltakshavar, kommunens bygningsmynde og fylkeskonservatoren.

Med bakgrunn i dispensasjonsøknaden og tilhøyrande uttalar kan ein ikkje sjå at omsøkte tiltak vil tilsidesette føremålet det vert søkt dispensasjon det er også klart større fordelar med å gi dispensasjon enn ulemper.

Utifrå ei samla vurdering vil rådmannen rå til å gi dispensasjon frå kommuneplanens arealdel LNF og frå byggeforbodet i 100-meters grensa pbl §1-8 som omsøkt for gjenreising av bygningsmiljøet inkludert ny kai på gnr 64, bnr 4, Torvholmen, Flåvær.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 25.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer





Herøy kommune  
Teknisk etat  
Utviklingsavdelinga

Sporstøl Arkitekter a.s  
Postboks 301  
6067 Ulsteinvik

Deres ref:

Vår ref:

Ulsteinvik, 2015.04.28

**GNR. 64 BNR. 4 TORVHOLMEN, FLÅVÆR - KJARTAN SPIDSBERG -  
SØKNAD DISPENSASJON - SØKNAD RAMMELØYVE. SØKNAD  
GJENOPPBYGGING BYGNINGER ETTER BRANN PÅ TORVHOLMEN.**

**Innledning**

Det søkes gjenoppbygging av bygninger og kai på Torvholmen etter at bygninger var utsatt for brann og der all bygningsmasse var total skadd.

Tiltakshaver har etter brannen på Torvholmen vært fast bestemt på å gjenreise bygninger, kai og flytebrygge på nytt.

**Forhåndskonferanse.**

Saksnr.2014/1558

Tiltakshaver kontaktet Sporstøl Arkitekter as for og starte prosessen med Herøy kommune for og få i gang gjenreising av bygninger på Torvholmen.

Det var opprettet kontakt med kommune ved teknisk etat og anmodet om forhåndskonferanse for prosjekt gjenreising av bygninger, og første forhåndskonferanse var avholdt 14.10.2014.

Det har vært avholdt flere møter / forhåndskonferanser med kommune i prosess med utarbeiding av konsept for gjenoppbygging.

**Avklaring punkter i forhåndskonferanse.**

Det var en avklaringsprosess for en snarlig gjenreising av bygninger på Torvholmen som var agenda.

Offentlige føringer for prosjekt er kommuneplan og areal er avsatt til LNF – formål, og der det må søkes dispensasjon fra arealformål i kommuneplan og for byggeforbud i 100-metersbelte i strandsone.

**Søknad dispensasjon.**

Det søkes dispensasjon på grad utnyttning, hytte fritidsbustadar, LNF og forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

Søknad dispensasjon var vedlagt nabovarsling.

**Nabovarsling.**

Nabovarsling er utsendt med dokumentasjon som henvist i søknad rammeløyve under oppsett vedlegg, og der planløsning ikke er vedlagt nabovarsling etter oppmoding fra tiltakshaver.

Ved frist utløp er det mottatt e-post fra nabo som representerer nabo og flere av familiemedlemmer som er naboer og fremmer innspill fra Flåvær Sameige, og dei ber om frist forlengelse for og samle naboer i et antall av 10 stk som er med spredt bosetning.

Ansvarlig søker var i kontakt med undertegnede av nabo pr. telefon for og få avklart nødvendig tidsbehov for gjennomgang av dokumentasjon og innspill som er satt til 6 mai.

Det var fremlagt fra naboer at det ikke var noe som tilsa at det ville komme noe med negativ innspill i besvarelse og at dei var positiv til å gjenoppføre bygninger og at det var likhetsprinsipper fra det som var på plassen tidligere.

**Ansvarlig søker samtykker i forespørsel med utgangspunkt i 6 mai for retur besvarelse på nabovarslingsdokumenter.**

## Rammeløyve.

Tilknytning til veg og ledningsnett.

Ansvarlig søker har besvart adkomst, vannforsyning og avløp i rammeløyve søknad.

Avløp.

Det er ikke avklart hvilke type toalett system som skal være i nye bygninger og løsning her vil fremlegges i søknad IG for nærmere avklaring.

Bygningsopplysninger.

Det er her oppgitt BYA og BRA arealer på nybygg og eksisterende bygningsmasse. Det er ikke målt arealer på eksisterende bygninger då en mangler tegninger, og en har brukt kartgrunnlag og mål etter gjennomgang med tiltakshaver.

Etasjetall blir som før brann og der hovedhuset har 3 etasjer med kjeller.

## Møre og Romsdal Fylkeskommune - Kulturavdelinga.

Det har vært en prosess ved utarbeiding av konsept og ha kontakt med Kulturavdeling v Torill Moltubakk, og der arkitekt har over sendt tegninger for uttale / samkjøring.

Det var etter oversendelse av dokumenter forsøkt og nå saksbehandler på telefon utan og lykkes, og etter noen dager vart det klart at saksbehandler er sykemeldt og at ny saksbehandler vil bli oppnevnt.

Det vedlegges e-post korrespondanse.

## Søknad dispensasjon og rammeløyve.

På vegne av tiltakshaver ber vi kommune om en snarlig behandling av søknader, og der tiltakshaver håper søknadsprosess kan få en snarlig behandling i kommunale utvalg.

Det er et byggeprosjekt som er krevende og vil være ønskelig og kunne starte så tidlig på året som mulig for få frem nødvendige byggematerialer til holmen, og da er årstid et viktig moment i et byggeprosjekt av en så stor bygningsmasse viktig.

Det oversendes søknad og på vegne av tiltakshaver håper vi på en snarlig behandling, og på forhånd takk.



Daglig leder Kristian Spørstøl

Mobil: +47 909 96 350  
E-Post direkte: [kristian@sporstol.no](mailto:kristian@sporstol.no)

Vedlegg: Dokumentasjon for søknad.

Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga v/ Eivind Flåskjær  
Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Sporstøl Arkitekter a.s  
Postboks 301  
6067 Ulsteinvik

Deres ref:

Vår ref: LE

Ulsteinvik, 07.04.2015

## DISPENSASJONSØKNAD

### GNR 64 BNR 4 TORVHOLMEN, FLÅVÆR – KJARTAN SPIDSBERG - GJENBYGGING ETTER BRANN

#### Mål med prosjektet:

- Gjenskape bygningane i form og volum slik dei var før brannen.
- Gjenopprette funksjonen til bygningane slik dei var før brannen som fritidsbustadar med utleige for turistar og serveringsstad tilknytta reiseliv.
- Modernisering av bygningane og uteområda med tilpassing til PBL og TEK10.
- Utviding og heving av kai med tilpassing til flodmål og djupne for tilflott.
- Det skal i første omgang søkast om dispensasjon frå kommuneplanen og PBL. Illustrasjonar er meint å vise form og volum. Utforminga er beskrive i vedlegg V3-Eстетisk notat 07-04-15.

#### Dispensasjonar som omsøkast:

##### Kommuneplan for Herøy 2013-2025

- §2.13 Grad av utnytting (jf. PBL §11-9)
- §2.18 Hytte, fritidsbustadar (jf. PBL §11-9 nr.5)
- §4.2 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (jf. PBL §11-7 nr.5 a)

##### Plan og bygningsloven, 01.07.2009

- §1-8 Forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

## Grunngeving:

### PBL §1-8 Forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag

Bygningane som vart tekne av brannen ønskast gjenreisast i sine former og funksjonar. Kommuneplanen §4-1 seier at i 100-meterbeltet langs sjø kan eksisterande bygg gjenreisast etter brann og storm. Det er gitt føresegn til planen med henvisning til PBL §11-11 om at spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse og annan bebyggelse kan tillates gjennom behandling av enkeltvise søknader.

Det søkast dispensasjon frå PBL §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

### Kommuneplanen §4.2 Landbruk-, natur- og friluftsføremål

Bygningane som skal gjenreisast etter brannen er Hovedhuset, Kvitebuda og Raudebuda, i tillegg til kai og ei flytebrygge. Hovedhuset vart brukt som ubemanna fritidsbustad for turistar, inndelt i to leilegheiter over tre etasjer med underetasje og loft. Kvitebuda vart brukt som fritidsbustad for tiltakshaver med familie. Raudebuda vart brukt til serveringsstad for besøkande innreidd i maritim stil med tradisjonell byggemåte for sjøbuder.

Det søkast om dispensasjon frå kommuneplanen §4-2 som ikkje tillet ny eller vesentleg utviding av bustads-, nærings eller fritidsutbygging eller frådelling til slike formål.

### Kommuneplanen §2-13 Grad av utnytting og §2-18 Hytte, fritidsbustadar

Ei gjenskaping av bygningane i form og volum vil med dagens krav få ei noko høgare byggehøgde. Hovedhuset hadde ei gjennomsnittleg gesimshøgde 4,2 m og ei gjennomsnittleg mønehøgde på 7,9 m. Kvitebuda hadde ei gesimshøgde på 2,1 m og ei mønehøgde på 5,4 m. Raudebuda hadde ei gesimshøgde på 2,3 m og ei mønehøgde på 5,2 m. Krav til innvendig takhøgde og krav til U-verdi for tak, gjer at gesims- og mønehøgda for bygningane vert om lag 1 m høgare enn det eksisterande. Bruksarealet på Hovedhuset var 330 m<sup>2</sup>, Kvitebuda 80 m<sup>2</sup> og Raudebuda 190 m<sup>2</sup>. Arealet vert tilsvarande i størrelse.

Det søkast dispensasjon frå kommuneplanen §2-18 med begrensing på gesims- og mønehøgde for fritidsbustader på 4 og 5,5 m.

Det søkast dispensasjon frå kommuneplanen §2-13 med begrensing til bruksareal for fritidsbustader på 100 m<sup>2</sup>.

## Drøfting:

Ei gjenreising av bygningane på Torvholmen vil ha stor verdi for Flåvær som kulturmiljø. Å gjenskape bygningane i form og volum vil bidra til å halde den historiske og kulturelle aktiviteten ved like med at bygningsmiljøet vert teke vare på og nytta som ein ressurs i den verksemda som vert gjenoppretta med turisme og reiseliv. **Dette er i tråd med kommuneplanen §2-20 og §6 som omhandlar kulturminner og kulturmiljø.** Forhold til kulturminne og kulturmiljø skal skildrast med illustrasjonar til søknaden og det skal visast til kortsiktige og langtidseffektar. Det har vorte utarbeidd illustrasjonar av voluma i forhold til eksisterande bygningar. Viser til vedlegg V1-Illustrasjonar. Torvholmen ligg innafor omsynssone H570-Kulturmiljø der alle tiltak skal sendast regional kulturminnestyresmakt for vurdering. Kontakt med fylkeskonservator ved Toril Moltubakk er oppretta og det vart avhalde møte i saka 21.01.15. Viser til vedlegg V2-Møterapport fylkeskonservator. Eit teikningssett med situasjonsplan og illustrasjonar har vorte oversendt Torill Moltubakk for ei førehandsvurdering. Det var ingen kommentarar til illustrasjonane.

**I følgje kommuneplanen §2-11 skal prinsippa om universell utforming leggast til grunn for utbygging av publikumsretta bygg.** Med Raudebuda sin funksjon som serveringsstad er det ønske om å legge til rette for ein universell utforma tilkomst. Med Raudebuda og Kvitebuda si beliggenheit på kaia vil ei nybygging føre til at kaia må hevast over nivå for stormflo til kote 2,7. **I følgje kommuneplanen §2-12 vert planane lagt fram for Bergen Sjøfartsmuseum via Møre og Romsdal fylkeskommune for uttale.**

Ei utviding av kaia vil gi tilgjengelegheit med båt for ålmenta og dermed opne opp Torvholmen med tilknyttinga til Flåvær som eit attraktivt rekreasjonsområde for utflukter med båt. **Dette er i tråd med kommuneplanen §6 som omhandlar omsynssone H530-Friluftsliv.** Verksemda med turisme og reiseliv rundt bygningane på Torvholmen vil ikkje kome i konflikt med den frie ferdselen. Det er eit ønske frå tiltakshaver om å få fleire interessert i verdien og opplevinga ein slik stad kan gi.

**Søknaden skal vurderast etter Naturmangfaldslova §8 - §12.** Her skal påverknaden av eit økosystem vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsatt for. Det skal difor takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering som ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultat.

Med helsing:

*Linda Emdal*

---

Linda Emdal  
Arkitekt MNAL  
Sporstøl Arkitekter AS

Mobil: 45490945  
E-post: linda@sporstol.no

Vedlegg:

V1- Illustrasjonar 07-04-15

V2-Møterapport fylkeskonservator 21-01-15

V3-Eстетisk notat 07-04-15

## ESTETISK NOTAT

### GNR 64 BNR 4 TORVHOLMEN, FLÅVÆR – KJARTAN SPIDSBERG - GJENBYGGING ETTER BRANN

Målet med prosjektet er å gjenskape bygningane i form og volum slik dei var før brannen. Det er ynskje om å gjenopprette funksjonen til bygningane slik dei var før brannen som fritidsbustadar med utleige for turistar og serveringsstad tilknytta reiseliv. Byggeteknisk kan ein ikkje unngå ei modernisering av bygningane og uteområda for å tilpasse seg PBL og TEK10. Det arkitektoniske utgangspunktet er å synleggjere at bygningane er frå vår tid, samstundes som dei fortel historia til det som har vore her før brannen.

Utforminga baserer seg på tradisjonell byggeskikk frå den vestnorske kystkulturen med liggande trepanel og knappe takutstikk. Raudebuda og Kvitebuda har tradisjonelt vore sjøbuder, medan Hovedhuset har vore bustad for væreigaren. Sjøbudene har etter kvart vorte tilpassa bruken som høvesvis serveringsstad og fritidsbustad. Hovedhuset har ikkje vorte endra i nokon stor grad sidan bruken stort sett er den same som fritidsbustad for utleige, inndelt i to einingar.

Dei arkitektoniske rammene for gjenbygginga er meint å gi forutsigbarheit både for naboar og byggherre. Sjøbudene er difor enkle i uttrykket, med moderne tilpassingar i gavlveggane. I Raudebuda er det ynskje om å opne opp mot utsikta i nordaust, medan det i Kvitebuda er ynskje om å opne opp mot solnedgangen i nordvest. For Hovedhuset er det eit ynskje om å gjengi vindussettinga i fasaden mot nordvest. På dei andre sidene har det tidlegare vore fleire tilbygg og utstikk, noko som no vil verte modernisert og samla i eit reint uttrykk. Tilbygga er meint å stå i kontrast til fasaden mot nordvest for å tydeliggjere historia om gjenbygginga.

Med helsing



Arkitekt Linda Emdal MNAL

Mobil: 45490945  
E-post: [linda@sporstol.no](mailto:linda@sporstol.no)



# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

## Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

### Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Andre Gnr/bnr	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	64	4	5	Flåvær, 6090 FOSNAVÅG

### Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
Rammetillatelse	Nytt bygg over 70 m2 -Ikke boligformål	X Bolig	162	fritidsbolig annet

#### Beskrivelse av bruk

Gjenreising etter brann av Hovedhuset, Kvitebuda og Raudebuda, og kai å flytebrygge. Bruken er redegjort i dispensasjonssøknad vedlagt søknad.

### Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Organisasjonsnummer	Telefon
foretak	Torvholmen AS	Storgata 86, 2615 LILLEHAMMER	983526551	+4790584000

#### e-postadresse

eiendom@sgh.no

### Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse
SPORSTØL ARKITEKTER AS	961181488	Postboks 301, 6067 ULSTEINVIK

Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	e-postadresse
Kristian Fritjof Sporstøl	+4790996350	+4790996350	kristian@sporstol.no

### Varsling

Tiltaket krever nabovarsling  
Det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere

#### Antall

1

#### Søkers vurdering av merknader

Mottatt e-post dato 20.04.2015 om frist forlengelse, henvendelse innen frist 14 dager. Samtykker i frist forlengelse for nabo, og der nabo henviser til familie og nabo med 10 eiere som er nabo, ansvarlig søker samtykker i frist forlengelse og der svar skal være mottatt senest 6 Mai.

Ansvarlig søker var i telefon kontakt med nabo og der det var bekreftet at det ikke var noen negative innspill til prosjekt, og at det positivt at bygninger gjenoppføres i form som før brann.

### Følg brev

Brev datert. 07.04.2015  
Dispensasjonssøknad vedlagt ved nabovarsling, og denne gir orientering til naboer om bygninger og kai å flytebrygge som gjenoppføres.

## Forhåndskonferanse

Forhåndskonferanse er avholdt

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Arbeidstilsynet

Tiltaket berører eksisterende eller fremtidig arbeidsplasser. Samtykke fra Arbeidstilsynet må foreligge før igangsetting av tiltaket.

## Dispensasjonsøknad

### Plan- og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Plan- og bygningsloven med forskrifter, Arealplaner  
Begrunnelse for dispensasjon:  
Vedlegg søknad dispensasjon på eget oppsett, vedlegges også i nabovarsling.

## Arealdisponering

### Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Kommuneplanenes arealdel	Kommuneplan for Herøy 2013-2025
Reguleringsformål	
LNF, hytte, fritidsbustader.	

### Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom	22858,00 m <sup>2</sup>
= Beregnet tomteareal	22858,00 m <sup>2</sup>

### Bebyggelsen

- Areal som skal rives	0,00 m <sup>2</sup>
+ Areal ny bebyggelse	392,00 m <sup>2</sup>
= Sum areal	392,00 m <sup>2</sup>

### Plassering av tiltaket

Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

## Bygningsopplysninger

	m <sup>2</sup> BYA	m <sup>2</sup> BRA			Antall bruksenheter		
		Bolig	Annet	I alt	Bolig	Annet	I alt
Eksisterende	392,00	213,00	179,00	392,00	0	0	0
Ny	392,00	200,00	172,00	372,00	2	2	4
Åpne arealer/Enheter som fjernes	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Sum	784,00	413,00	351,00	764,00	2	2	4

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 3

## Krav til byggegrunn

### Flom

Byggverket skal plasseres i flomutsatt område, se vedlegg.  
Sikkerhetsklasse: F2 (middels konsekvens og sannsynlighet lavere enn 1/200 år)



# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Ikke relevant

## Tilknytning til veg og ledningsnett

### Adkomst

Tiltaket gir ikke ny/endret atkomst.

Tomta har adkomst til privat veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Tinglyst erklæring foreligger.

### Vannforsyning

Tomta er tilknyttet offentlig vannverk

Vanntilførsel krysser IKKE annens grunn.

### Avløp

Tomta er tilknyttet privat avløpsanlegg

Det skal installeres vannklosett.

Det foreligger IKKE utslippstillatelse.

Avløpsanlegg krysser IKKE annens grunn.

### Overvann

Takvann/overvann føres til terreng

## Løfteinnretninger

### Løfteinnretninger

Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen

Det planlegges IKKE en slik innretning

## Parter

### Andre myndigheter

Navn Arbeidstilsynet Midt.

## Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Situasjonsplan	D	A001 Mål 1:1000 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	Hovedhuset A101 1. etg Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	Hovedhuset A102 2. etg Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	Hovedhuset A103 3. etg Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	Hovedhuset A401 M nord Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	Hovedhuset A402 M øst Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tegning ny fasade	E	Hovedhuset A403 M sør Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	Hovedhuset A404 M vest Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	Hovedhuset A300 Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	Kvitebuda A111 Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	Kvitebuda A411 Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	Kvitebuda A310 Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	Raudebuda A121 pl. 1 og 2 et. Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	Raudebuda A421 fasader Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	Raudebuda A320 Mål 1:100 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	Plan Kai A100 Mål 1:200 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	A 300 Mål 1:100 Dato. 27.04.2015 Sett byggesak.	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	A101 1 et. Hovedhuset Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	A102 2 et. Hovedhuset Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	A103 3 et. Hovedhuset Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	A401 Mot Nord Hovedhuset Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	A402 Mot Øst Hovedhuset Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	A403 Mot Sør Hovedhuset Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	A404 Mot Vest Hovedhuset Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	A 310 Kvitebuda Mål 1:100 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny plan	E	A111 Kvitebuda Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	A411 Kvitebuda Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	A 320 Raudebuda Mål 1:100 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tegning ny plan	E	A121 Raudebuda Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E	A421 Raudebuda Mål 1:100 Dato. 27.04.2015	Ettersendes per post
Situasjonskart	F	A000 Mål 1:5000 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Dispensasjonsøknad dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A000 Situasjonskart Mål 1:5000 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A001 Situasjonsplan Mål 1:1000 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A002 Utomhusplan Mål 1: 200 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A600 3D utomhus 1 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A601 3D utomhus 2 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A602 Fotoillustrasjon 1 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A603 Fotoillustrasjon 2 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A604 3D illustrasjon 1 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Illustrasjoner. A605 3D illustrasjon 2 Dato 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	Møterapport Fylkeskonservator. Dato. 21.01.15	Ettersendes per post
Annet	Q	Estetisk notat dato 07.04.15	Ettersendes per post
Annet	Q	e-post korspondanse Kulturavdelinga. Dato 7 april 2015	Ettersendes per post
Annet	Q	e-post korspondanse Kulturavdelinga. Dato 17 mars 2015	Ettersendes per post
Annet	Q	A002 Utomhusplan Mål 1: 200 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	A100 Plan kai Mål 1: 200 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	A600 3D Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	A601 3D Utomhus 2 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Annet	Q	A602 Fotoillustrasjon 1 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post
Annet	Q	A603 Fotoillustrasjon 2 Dato. 07.04.2015	Ettersendes per post

## Merknader fra ByggSøk

**Kontroll av søknaden viser at følgende sider mangler obligatorisk informasjon:**

Rammebetingelser - Planstatus

Beskrivelse av tiltak - Bebyggelse - Arealdisponering


Andre myndigheter - Arbeidstilsynet

## Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

**Ansvarlig søker**

Dato 2015.04.29

Signatur 

Gjentas med blokkbokstaver

KRISTIAN SPØRSTØL

**FOR Tiltakshaver**

Dato 2015.04.29

Signatur 

Gjentas med blokkbokstaver

KRISTIAN SPØRSTØL

Sporstøl AS

Vikemyra 1  
 6065 ULSTEINVIK

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/1558	64/4		UTV / HR	14.10.2014

### **TORVHOLMEN 64/4,5 - GJENREISING AV BYGNINGAR ETTER BRANN.**

Ein viser til møte på Herøy Rådhus den 14.10.2014, der følgjande var til stades:

- Kjartan Spidsberg, grunneigar/tiltakshavar
- Roald Sporstøl, Sporstøl AS
- Kristian Sporstøl, Sporstøl AS
- Jarl Martin Møller, Herøy kommune
- Hallvard Rusten, Herøy kommune

Tema for møtet var avklaring av prosess med sikte på resterande riving og påfølgjande gjenreising av dei bygningane som gjekk tapt under brannen på Torvholmen tidlegare i haust. Spidsberg orienterte innleiingsvis om kva planar han hadde når det galdt gjenreisinga på Torvholmen og R. Sporstøl ba om at kommunen klargjorde nærare kva for prosess ein måtte gjennom for å førebu reetableringa på holmen.

Arealet på Torvholmen er i kommuneplanen avsett til LNF-formål. Eit tiltak med sikte på å gjenreise/gjenskape tidlegare bygningsmasse, må starte med ein søknad om dispensasjon frå så vel arealformålet i kommuneplanen som frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona. Ein dispensasjonssøknad skal vere godt grunngjeven og gjennom skisser og bilder illustrere så godt som mogleg planlagde fasader, bygningsvolum, kaianlegg m.v. Evt. konsekvensar for bygningsutforming eller byggehøgder som følgje av dagens regelverk bør også dokumenterast.

Dispensasjonssøknaden vil verte sendt aktuelle offentlege høyringsorgan til uttale før den vert politisk sluttbehandla i Maritim og teknisk komite (MTK). Det må påreknast ei samla behandlingstid på 3-4 månader frå komplett søknad m/nabovarsling er motteken og til saka er ferdigbehandla i MTK.

Under føresetnad av godkjendt dispensasjon vil så dei ulike byggetiltaka kunne fremjast på vanleg måte, samla eller enkeltvis.

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar

Hallvard Rusten  
Sakshandsamar

Kopi:  
Torvholmen AS v/Kjartan Spidsberg Storgata 86 2615 LILLEHAMMER

---



WTV

04

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
3 00	CFCA
10 JUN 2015	
Ark kode: F	
Ark kode: S	
Ans	Diske ut
Passasjer	

**Herøy kommune**  
**Gjenreising av bygningar etter brann på Torvholmen gnr64 bnr4 -**  
**Kjartan Spidsberg**  
**Dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Samfunnstryggleik**

Området ein ynskjer dispensasjon for ligg nær sjø, og kan vere utsett for havnivåstiging og stormflo. Fylkesmannen minner om at det berre kan byggjast på grunn, eller opprette eller endre eigedom, dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, jf. plan- og bygningslova § 28-1. Vidare står det i byggteknisk forskrift (TEK10) § 7-1 at byggverk skal plasserast, prosjekterast og utførast slik at det bli oppnådd tilfredsstillande tryggleik mot skade eller vesentleg ulempe frå naturpåkjenningar. Kva tryggleikskrav som gjeld for stormflo står i TEK10 § 7-2.

Dei fleste byggverk tilrettelagt for personopphald (som fritidsbustad og serveringsstad) kjem under tryggleiksklasse F2. Dette betyr at byggverk skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot stormflo slik at største nominelle sannsyn ikkje overskrider 1/200. Vi viser til Herøy sin ROS-analyse som vart utarbeidd i samband med kommuneplanen sin arealdel. I analysen vart det tilrådd at minimumsnivået for ny bustad vart satt til NGO kote 3.

Kommunen må sørgje for at området det blir søkt om dispensasjon for tilfredsstillar tryggleikskrava i TEK10.

I tillegg må det gjennomførast ein generell risiko- og sårbarheitsvurdering for å avklare om tiltaket kan medføre andre tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar, jf. pbl. §§ 19-2 og 28-1. Fylkesmannen si sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for slike vurderingar i sakar av denne storleiken. Sjekklister kan ein finne på Fylkesmannen sin nettstad.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

**Fagsaksbehandlarar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

**Kopi:**

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund  
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/1558	06.05.2015	33127/2015/DISPENSASJON/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	05.06.2015

## Herøy kommune - gjenreising av bygningar etter brannen på Torvholmen, Flåvær - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Kulturminne frå nyare tid

Handelsstaden Flåvær har regional verdi som eit kystkulturmiljø. Fylkeskonservatoren ønskjer oppattbygging med same volum og hovudform.

Det ligg ved saka ein situasjonsplan og nokre illustrasjonar (manipulerte foto) men ikkje plan-, snitt- og fasadeteikningar. Vi forstår det slik at det i denne omgang berre blir søkt om dispensasjonar. Rammeløyvesøknad vil vere eit neste steg.

Det følgjer av haldninga vår til oppattbygging at vi stør dispensasjonar frå byggeforbodet i 100m-beltet og frå kommuneplanen sitt LNF-formål. Vi stør også nødvendige dispensasjonar frå krav til maksimale byggehøgder og utnyttingsgrad for å kunne skape opp att form og volum i bebyggelsen, men det går fram av søknaden at det blir søkt generelt om å auke gesims- og mønehøgde med om lag ein meter i høve dei bygningane som sto her før brannen. Når gjennomsnittleg gesimshøgden har vore 2,1 m, 2,3 m og 4,2 m, vil ein meter auke i høgda gjere vesentleg utslag på bygningskroppane sin karakter.

Vi forstår bakgrunnen for den auka høgda, men vi meiner at det i prosessen vidare fram til rammeløyve må søkjast å finne løysingar som inneber så lite endring i byggehøgde som mogleg.

Det blir også søkt om utviding og heving av kaia. Det er uklart for oss kva for utviding det er tale om ettersom situasjonsplanen ser ut til å vise ei kai med form og utstrekning som tilsvarar kaia på flyfoto frå før brannen, medan bakgrunnskartet i Gislink ikkje viser kai langsmed Raudebuda.

Fylkeskonservatoren kan for sin del støtte søknadane om dispensasjon, men støtta må ikkje bli oppfatta som ei førehandsgodkjenning av ei meir detaljert utforming av bygningane sjølv om illustrasjonar og tekst gir nokre indikasjonar på kva søkjaren ønskjer. Fylkeskonservatoren må bli trekt med i prosessen fram til rammeløyvesøknad.

**Konklusjon**

Vi kan tilrå dispensasjonar som omsøkt, men rår til at byggehøgder i størst mogleg grad vert halde slik som tidlegare. Vi ber om å bli kontakta inn i samband med utforming av rammeløyve for utbygging.

Vi har ikkje merknader utover dette.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: overarkitekt Helge Aarset, 71 25 87 67

Kopi:  
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Sporstøl Arkitekter AS  
Postboks 301  
6067 Ulsteinvik

v/Kristian Sporstøl

Flåvær 030515

**MERKNEDER VEDRØRENDE NABOVARSEL – BYGGESØKNAD ID 71628571 – GJENBYGGING ETTER BRANN – GNR 64, BRN 4 – TORVHOLMEN – KJARTAN SPIDSBERG**

Flåvær Sameige, eigarar av GRN 64, BRN 1 – Flåvær, bekreftar mottak av nabovarsel ifbm ovenfor byggesøknad.

Vi er svært positiv til at Torvholmen skal byggast opp igjen i den form og volum som før brannen. Torvholmen er ein del av øygruppa Flåvær og representerar ein historisk og viktig del av kystkulturarven som vi alle er opptatt av å bevare. Torvholmen har i tillegg høg verdi for oss pga sterk familie tilknytning i generasjonar. Vi har difor ingen innvendingar til tilsendte teiningar for bygningsmassen, vi har og stor forståelse for at kaianlegget vert utvida for å lette tilkomsten. Vi ser fram til å sjå det endelige resultatet.

Vi har nokre merknader:

- Vannforsyning : Når bygningene på Torvholmen skal brukast til utleige / kommersiell virksomhet (2 leiligheter + bueining på Kvitbuda samt kjøkken fasiliteter på Raudebuda) er vi bekymra for at dagens vanntilførselen frå Moldustranda ikkje vil dekke behovet for alle dei 6 gnr/brn på øygruppa. Vi går ut ifrå at dette vil bli tatt med vidare i søkerprosessen og belyst for de aktuelle instanser slik at nødvendig tiltak blir iverksatt for å kvalitetssikre at alle bueiningar på øygruppa får den same kapasiteten på vanntilførselen, uavhengig om ein driv kommersielt eller privat.
- Vi ser positivt på at Torvholmen søker å innreie sjøhus til bueining og kjøkken-fasiliteter, og håper Herøy Kommune vil opne for slik bruk på øygruppa.
- Kommentarer til søkers beskrivelse av å tilrettelegge forhold for «omsynssone H530 Friluftsliv». Vi formoder at søker her meiner Torvholmen AS sine arealar og ikkje omliggende eigedomar sine arealar i øygruppa – Flåvær Sameige leiger bort sin innmark med beiting slik at her går bufe laust heile året. I følge Dyrevernløven (LOV-2003-07-04-74 §6(e)) vil det dermed være eksempelvis båndtvang hele året.

Vi ynskjer Torvholmen AS lykke til vidare med arbeidet.

Vi ber om bekræftelse på at dette brevet vil fylgje som vedlegg vidare i søknadsprosessen.

På vegne av Flåvær Sameige  
Ann Heidi Leine  
Hovestølen 68  
5303 Follense

Mobil : 90108447

Herøy kommune  
Teknisk etat  
Utviklingsavdelinga

Sporstøl Arkitekter a.s  
Postboks 301  
6067 Ulsteinvik

Deres ref:

Vår ref:

Ulsteinvik, 2015.05.06

## **GNR. 64 BNR. 4 TORVHOLMEN, FLÅVÆR - KJARTAN SPIDSBERG. BESVARELSE NABOMERKNAD**

### **Innledning.**

Naboer fremla i e-post 20.04.2015 til ansvarlig søker mottak av nabovarslingsdokumenter, og der det var fremlagt ønske om utsettelse av merknadsperiode til 6 mai 2015.

Fristforlengelse er nabo som består av 10 eiere som har spredt bosetting i landet, og er samtidig del av Flåvær Sameige.

Henvendelse er innenfor nabofrist perioden, og ansvarlig søker samtykker i frist forlengelse med besvarelse innen 6 mai.

### **Nabo innspillpunkter.**

Ansvarlig søker har mottatt nabomerknad innenfor frist forlengelse som var innvilget, og mottatt dokumentasjon på e-post 05.05.2015.

1. Merknader som fremlegges går på vannforsyning til Torvholmen etter gjenoppbygging med funksjoner som øker vannbehov.
2. Innspill vedrørende bruken av sjøhus og søker bruk til bueingar med kjøkken-fasiliteter.
3. Innspill vedrørende søknadsomfang og gjeldende omsynssone H530

### **Besvarelse nabomerknader.**

1. Vannforsyning og dimensjonering mot forbruk ved gjenoppbygging foretas avklaring / dimensjonering ved søknad om igangsetningsløyve.
2. Oppmoding taes til vitende for saken.
3. Søknad gjenoppbygging gjelder for Torvholmen AS arealer.

### **Nabomerknad og besvarelse vedlegges søknad.**

Det oversendes nabomerknad fra Flåvær Sameige for tilføring i søknad gjenoppbygging på Torvholmen.

Nabomerknader er besvart av ansvarlig søker og en ber om at søknad behandles snarlig for tiltakshaver.


---


Daglig leder Kristian Sporstøl

Mobil: +47 909 96 350  
E-Post direkte: [kristian@sporstol.no](mailto:kristian@sporstol.no)


Vedlegg: Nabomerknad datert Flåvær 030515

- 1-Hovedhuset
- 2-Kvitebuda
- 3-Raudebuda
- 4-Kai
- 5-Flytebrygge







80




**Nordøst**  
1 : 100




**Nordvest**  
1 : 100




**Sørøst**  
1 : 100




**Sørvest**  
1 : 100









**Nordøst**  
1 : 100




**Nordvest**  
1 : 100




**Sørvest**  
1 : 100




**Sørøst**  
1 : 100













Herøy kommune  
Teknisk etat  
Utviklingsavdelinga

Sporstøl Arkitekter a.s  
Postboks 301  
6067 Ulsteinvik

Deres ref:

Vår ref:

Ulsteinvik, 2015.06.22

**GNR. 64 BNR. 4 TORVHOLMEN, FLÅVÆR - KJARTAN SPIDSBERG -  
SØKNAD IGANGSETTINGSLØYVE ARBEIDER PÅ EKSISTERANDE KAIANLEGG.**

**Innledning**

Det er innsendt søknad dispensasjon og rammeløyve søknad for gjenoppbygging av bygninger og kaianlegg på Torvholmen.

Saksnr 2014/1558 Søknad rammeløyve oversendt 29.04.2015

**Søknad IG for eksisterende kaianlegg.**

Det oversendes søknad for IG kaianlegg, og der tiltakshaver ønsker snarlig oppstart med kaianlegg som skal bidra for tilgjengelighet for oppbygging av øvrige bygninger og landanlegg.

Det er viktig med oppstart med tanke på vær og årstid, og videre for og ha sikrest mulige arbeidsforhold då deler av arbeider utføres fra utstyr på sjø.

Vedlegg søknad med ansvarsrett for utførende foretak vedlegges søknad.

**Behandling søknad.**

På vegne av tiltakshaver ber vi kommune om en snarlig behandling av søknad, og på forhånd takk.



Daglig leder Kristian Spørstøl

Mobil: +47 909 96 350  
E-Post direkte: [kristian@sporstol.no](mailto:kristian@sporstol.no)

Vedlegg: Vedlegg søknad IG kaiarbeider.



# Søknad om igangsettingstillatelse



etter plan-og bygningsloven § 20-1, jf 21-2

Søknaden gjelder					
<b>Elendom/Byggested</b>					
Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse		
Herøy i Møre og Romsdal	64	4	Flåvær, 6090 FOSNAVÅG		
<b>Ansvarlig søker</b>					
Navn	Organisasjonsnummer	Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	
SPORSTØL ARKITEKTER AS	961181488	Kristian Fritjof Sporstøl	+4790996350	+4790996350	
e-postadresse					
kristian@sporstol.no					

Arbeidstilsynet
Tiltaket berører eksisterende eller fremtidig arbeidsplasser. Samtykke fra Arbeidstilsynet må foreligge før igangsetting av tiltaket.


Det søkes om igangsettingstillatelse for
Deler av tiltaket
Søknaden gjelder følgende deler av tiltaket: Reperasjon, igjenoppbygging av eksisterende kai.

## Merknader fra ByggSøk

Kontroll av søknaden viser at følgende sider mangler obligatorisk informasjon:

Parter - Foretak

Gjennomføringsplan - Samsvarserklæring - Prosjektering

Signering
<b>Ansvarlig søker</b>
Dato <u>2015.06.22</u>
Signatur 
Gjøntas med blokkbokstaver
<u>KRISTIAN SPORSTØL</u>

# Gjennomføringsplan



## Søknaden gjelder

### Eiendom/Byggested

Kommune Gnr. Bnr. Adresse Dato Sign./Ansv. søker

Herøy i Møre og Romsdal 64 4 Flåvær, 6090 FOSNAVÅG 2015.06.22 *Svein Furseth*

## Beskrivelse fagområde

### Prosjektering

Fagområde	Ansvarsområde	Tiltekningsklasse	Foretakets navn	Søknad om rammertilatelse	Søknad om igangsettings/øtt-trinn søknad /tilatelse	Søknad om midlertidig bruks tilatelse	Søknad om ferdigattest	Arbeidet innenfor ansvaret er avsluttet
Arkitektur	Arkitektur hovedhuset	2	961181488 SPORSTØL ARKITEKTER AS	X				
Arkitektur	Arkitektur Kvitebuda og Raudebuda, kai å flytebrygge. Situasjonsplan	1	961181488 SPORSTØL ARKITEKTER AS	X				
Kai	Kai oppbygging med nye påler, pullert	2	988489778 INGENIØR SVEIN FURSETH AS		X			

### Utførelse

Fagområde	Ansvarsområde	Tiltekningsklasse	Foretakets navn	Søknad om rammertilatelse	Søknad om igangsettings/øtt-trinn søknad /tilatelse	Søknad om midlertidig bruks tilatelse	Søknad om ferdigattest	Arbeidet innenfor ansvaret er avsluttet
Kai	Kaidekke, påler	2	988489778 INGENIØR SVEIN FURSETH AS				X	

# Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven



## Søknaden gjelder

### Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Andre Gnr/bnr	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	64	4	5	Flåvær, 6090 FOSNAVÅG

## Foretak

Organisasjonsnummer	Navn	Adresse	
988489778	INGENIØR SVEIN FURSETH AS	Postboks 19, 6064 HADDAL	
Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	e-postadresse
Svein Andreas Furseth	+4790053830	+4747701550	isaf@online.no

## Ansvarsområde

### Prosjekterende

Ansvarsområde	Tiltakskl.	Samsvarserklæring foreligger ved
Kai oppbygging med nye påler, pullert	2	Igangsetting

Ansvarsområdet er ikke dekket av sentral godkjenning.

Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl.

Vi forplikter oss til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket.

### Utførelse

Ansvarsområde	Tiltakskl.
<del>Kaidokke</del> , påler	2

Ansvarsområdet er ikke dekket av sentral godkjenning.

Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektiv del av utførelsen.

Vi forplikter oss til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket.

## Tilleggsopplysninger for søknad om ansvarsrett der foretaket ikke har sentral godkjenning for ansvarsområder

### Organisasjonsplan

Foretakets plan som viser organisasjonsstruktur, med ansvars- og myndighetsfordeling vedlegges  
Foretakets ressurser og kvalifikasjoner med hensyn til utdanning og praksis:

Utdanningsnivå	0-3 års arbeidspraksis	4-7 års arbeidspraksis	>8 års arbeidspraksis
Universitet/høyskole høyere grad			1
Universitet/høyskole lavere grad			
Mesterbrev/fagskole			1
Fagbrev/svennebrev			
Annen relevant kompetanse/utdanning			

Beskriv særlig relevant utdanning eller særlig kvalifiserende praksis  
Sjøarbeid siden 1983

# Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven



## Styringssystem

Systemet utviklet av      Navn på leverandør  
Ekstern leverandør    Holte fagtorget

## Foretakets styringssystem er revidert ved

Foretaket benytter    Dato sist revidert  
Intern revisjon      2015-04-01

Foretaket benytter    Revidert av    Dato sist revidert  
Ekstern revisjon    Holte          2015-03-31

## Systemkrav

Foretakets styringssystem ivaretar plan- og bygningsloven herunder:

- Organisasjonsplan, jf. byggesaksforskriften § 1-2 første ledd bokstav e
- \* Styring av andre foretak og personer som foretaket knytter seg til
- Hvordan foretaket ivaretar de plikter og oppgaver som følger av foretakets ansvar og funksjon, jf. byggesaksforskriften kap 12
- Hvordan foretaket identifiserer, ivaretar, herunder verifiserer og dokumenterer oppfyllelse av relevante krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven som gjelder for foretakets godkjenningssområde jf. byggesaksforskriften § 1-2 bokstav c, og med lokal godkjenning ansvarsområde. Dette for å sikre at alle relevante krav og vilkår oppfylles i tiltaket.
- Rutiner for å sikre at foretaket har nødvendige og oppdaterte kunnskaper om krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven som er relevante for foretakets godkjenningssområde
- Rutiner for å identifisere, behandle og lukke avvik, herunder hindre gjentakelse av avvik, fra krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven
- Rutiner for hvordan foretaket ivaretar registrering, versjonshåndtering, videreformidling og oppbevaring av dokumentasjon som viser at krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven er oppfylt
- Rutiner for å sikre jevnlig gjennomgang og oppdatering av systemet

## Tidligere godkjente ansvarsretter uten sentral godkjenning

Det har tidligere vært sendt inn dokumentasjon om foretaket til kommunen

## Erklæring og signering

Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.

Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl.



Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektive del av utførelsen.

Foretaket forplikter seg å stille med kompetanse som angitt i ansvarsoppgaven.

Ansvarlig søker

Dato 19/6-2015

Signatur

Ansvarlig foretak

Dato 19/6-2015

Signatur



# Samsvarserklæring

